

# SYKKYLVEN KOMMUNE

## Omstillingsplan 2021-2026



## SKAPARGLEDE

Handsama av styringsgruppa: 01. desember 2020

Vedteken i kommunestyret i Sykkylven: .....

## INNHALDSFORTEIKNING

1. Bakgrunn for omstillingsarbeidet.....	3
1.1 Bakgrunn for omstillingsstatusen.....	3
1.2 Oppsummering av utviklingsanalyse og innspelsanalyse.....	4
1.3 Plandokumentet.....	6
2. Visjon og mål for omstillingsarbeidet.....	6
2.1 Visjon for omstillingsarbeidet .....	6
2.2 Hovudmål .....	6
2.3 Effektmål og langsiktige resultat .....	7
2.4 Delmål.....	7
3. Innsatsområde.....	8
3.1 INNSATSOMRÅDE 1: SKAPARGLEDE I NÆRINGSLIVET .....	9
3.1.1 Mål.....	9
3.1.2 Strategiar innsatsområde 1: Skaparglede i næringslivet.....	10
3.1 INNSATSOMRÅDE 2: OPPLEVINGSNÆRINGAR .....	11
3.1.1 Mål.....	11
3.1.3 Strategiar innsatsområde 2: Opplevingsnæringar .....	11
3.2 INNSATSOMRÅDE 3: SAMARBEID OG NETTVERK.....	12
3.2.1 Mål.....	12
3.2.2 Strategiar innsatsområde 3: Samarbeid og nettverk .....	13
3.3 INNSATSOMRÅDE 4: ATTRAKTIVE SYKKYLVEN .....	14
3.3.1 Mål.....	14
3.3.2 Strategier innsatsområde 3: Attraktive Sykkylven .....	15
4. Organisering av omstillingsarbeidet.....	16
4.1 Om val av organisasjonsform .....	16
4.2 Skildring av omstillingsorganisasjonen.....	17
5. Finansiering .....	18
5.1 Overordna finansiering.....	18
5.2 Ressursar fordelt på områder og tiltak.....	18
Vedlegg.....	19

# 1. Bakgrunn for omstillingsarbeidet

## 1.1 Bakgrunn for omstillingsstatusen

Bakgrunnen for omstillingsarbeidet er at Sykkylven har ein negativ folketalsutvikling, auka del eldre innbyggjarar og auka forsørgjarbyrde, og med ein einssidig og sårbar næringsstruktur.

I løpet av dei 10 siste åra har i snitt 33 arbeidsplassar forsvunne fra Sykkylven kvart år. Tal sysselsette busett i kommunen har blitt redusert med 223 personar i same periode.

Sidan 2010 har utpendling auka med rundt 4%, fra ca. 17% til ca. 21% av sysselsette busett i Sykkylven. Innpendling har auka om lag 2% i same periode, fra 12,5% til 14,2% av sysselsette med arbeidsstad i Sykkylven. På tross av ein liten auke i pendlarmønsteret er kommunen fortsett rekna som lite integrert i den regionale arbeidsmarknaden.

Møbelindustrien er hovudnæringa i Sykkylven, og sysselset aleine over 1.100 personar (2019). Det utgjer over 32% av alle arbeidsplassane i kommunen. I tillegg kjem mange arbeidsplassar knytt til underleverandørar innan ulike industrigreiner, i tillegg til arbeidsplassar innan handel og tenesteyting som er direkte eller indirekte avhengig av møbelindustrien.

Møbelfabrikken Ekornes er kommunens største arbeidsgivar og hjørnesteinsbedrift, og har den mest kjente merkevara Stressless lenestol som blir produsert lokalt og seld til heile verda. Formfin, Brunstad og Hjelle er mindre møbelfabrikkar, men viktige lokale arbeidsplassar. Aukande internasjonal konkurranse og sterk kjedemakt har bidrege til redusert omsetning og resultat for fleire av dei lokale møbelfabrikkane, i ein bransje der mange har flagga ut produksjonen og tapt lokale arbeidsplassar. Ein møbelprodusent fekk halvert sin omsetning nesten over natta, etter at ei av kjedene sa opp salsavtalen berre for å redusere tal leverandørar. Ein anna møbelprodusent flagga nyleg ut fleire av sine modellar til produksjonsanlegg i Baltikum, og sa opp eit titals tilsette i februar 2020. Leverandørindustrien i Sykkylven er og sterkt knytt opp mot utviklinga i møbelbransjen.

I Telemarkforskning sin «sårbarhetsanalyse» av norske kommunar i 2011, vart Sykkylven rangert som den nest mest sårbare kommunen i landet, etter Årdal. I perioden fram til i dag er det ingen ting som tyder på at situasjonen for Sykkylven har endra seg. Hjørnesteinsfaktoren er fortsett svært høg, det same gjeld bransjespesialiseringa. Noko høgare pendling er registrert, men neppe nok til at kommunen blir vurdert særleg høgare på skalaen for arbeidsmarknadsintegrasjon.

Kommunen er ein typisk industrikommune, med hovudvekt av industriarbeidsplassar og med ein arbeidsstyrke der mange har fagutdanning tilpassa industrien sitt behov for produksjonsmedarbeidarar.

For å forebygge ytterlegare tilbakegang i folketalsutviklinga og legge til rette for auka omstillings- og innovasjonsevne i lokalt næringsliv vil eit omstillingsprogram med auka ressursar for proaktiv innsats forvente å kunne bidra til eit meir berekraftig samfunn med mindre sårbart og meir konkurransedyktig næringsliv fram i tid.

Møre og Romsdal fylkeskommune har bedt om at Sykkylven kommune får status som omstillingskommune i brev til Kommunal og regionaldepartementet. Omstillingsprosessen vil bli gjennomført i henhold til Innovasjon Norge sin modell for omstilling, det vises til portalen [www.regionalomstilling.no](http://www.regionalomstilling.no)

På grunnlag av disse analysene sine dokumenterte behov for omstilling i Sykkylven kommune sendes søknad til Fylkeskommunen om ekstraordinære omstillingsmidlar i årleg i seks år fra januar 2021 til desember 2026.

## 1.2 Oppsummering av utviklingsanalyse og innspelsanalyse

Alle omstillingsområde skal utarbeide ein utviklingsanalyse tidleg i strategi- og forankringsfasen. Analysen skal skildre sentrale utviklingstrekk i kommunen og dokumentere behovet for å utvikle lønnsame og vekstkraftige bedrifter.

Målet for utviklingsanalysen er å identifisere konkurransefortrinn og utviklingsmoglegheiter for kommunen. Analysen skal utgjere det faglege kunnskapsgrunnlaget for omstillingsplanen og årlege handlingsplanar for omstillingsarbeidet. Det er styringsgruppa for omstillingsprogrammet som vel innsatsområde på grunnlag av utviklingsanalysen.

Utviklingsanalysen og innspelsanalysen for Sykkylven er utarbeid på grunnlag av lokal dokumentasjon, statistikk, intervju med sentrale aktørar og innhenta data via ulike planar og dokument. Det er gjennomført møter med lokale bedriftsleiarar, næringsforum, interesseorganisasjonar, eldsjeler i grendene og opne møter.

Analysen viser:

- Nedgang i arbeidsplassar siste 10 år
- Nedgang i folketal sidan 2014, auke i innvandring
- Negativ demografisk utvikling med fleire eldre og færre yngre
- Einsidig, konkurranseutsett og sårbar næringsstruktur – dramatisk effekt ved nedgangskonjunkturar (hjørnesteinsbedrift)
- Stor pensjonsavgang i næringslivet og sterkt rekrutteringsbehov, utfordrande å trekke tilflyttarar til kommunen
- Stor entusiasme og vilje til vekst i næringslivet
- Behov for samarbeidsarenaer og nettverk
- Behov for kompetansetiltak for å møte den teknologiske utviklinga
- Uforløyst potensial i opplevingsnæringane
- Styrke kommunikasjon og samhandling mellom kommune og næringsliv

## «Strategiske konkurransefortrinn og utviklingsmoglegheiter»

I matrisa under er Sykkylvens konkurransefortrinn og utviklingsmoglegheiter oppsummert»

Styrkar i dag	Svakheiter i dag
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Industrikultur og –kompetanse</li> <li>- Sterk møbelindustri med internasjonal marknad</li> <li>- Design og material kompetanse</li> <li>- Samarbeid Vgs. og næringsliv</li> <li>- Stabil og lojal arbeidskraft</li> <li>- Nærleik til Ålesund</li> <li>- Tydeleg sentrum tett på sjøen</li> <li>- Sunnmørsalpane, ski, turløyper, hytte</li> <li>- Fritidsaktivitetar</li> <li>- Eldsjeler og sterkt engasjement i grendene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Svakt samarbeid lokalt</li> <li>- Transportkostnader ved fjordkryssing</li> <li>- Rekruttering</li> <li>- Overnattingskapasitet</li> <li>- Reiselivsutvikling</li> <li>- Svak kapitalsituasjon</li> <li>- Nyting av «møbel» kompetanse i andre bransjar</li> <li>- Sosial møteplass ungdom (utanom organisert idrett/kultur)</li> <li>- Transporttilbod mellom bygdene og sentrum</li> <li>- Leigemarknad bustader</li> <li>- Demografisk utvikling</li> <li>- Einsretta marknad – konjunktur avhengige</li> </ul>
Moglegheiter framover	Truslar framover
<ul style="list-style-type: none"> <li>- Lokal industriklynge/nettverk – smart spesialisering</li> <li>- Leverandørutvikling/samarbeid</li> <li>- Reiseliv og opplevingar</li> <li>- Kompetanseutvikling</li> <li>- Økologisk landbruk og lokalmat</li> <li>- Bustad og næringsareal</li> <li>- Vekst i eksisterande næringsliv</li> <li>- Sentrumsutvikling</li> <li>- Utvikle hamn</li> <li>- Samarbeid kommune og næringsliv</li> <li>- Gi rom for eldsjelene</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Nedgang møbelbransjen</li> <li>- Rekrutteringsutfordringar</li> <li>- Finansieringsutfordringar</li> <li>- Arealtilgang</li> <li>- Attraktive bustader</li> <li>- Utflagging av produksjon</li> <li>- Samhandling kommune og næringsliv</li> <li>- Utviklingsevne/kapasitet</li> <li>- Kommune økonomi</li> </ul>

## Innspill fra åpent møte i Sykkylven:

- Kva bør ein satse på:



### 1.3 Plandokumentet

Omstillingsprogrammet sin varigheit for Sykkylven kommune er seks år, fra januar 2021 til desember 2026. Omstillingsplanen skal svare på utfordringane som ble avdekka i analysearbeidet gjennomført i strategi og forankringsfasen. Planen skildrar bakgrunnen for omstillingsbehovet, måla for omstillingsarbeidet og dei prioriterte innsatsområda.

Innsatsområda gir uttrykk for prioriteringar og/eller vegval for å nå målsettingane. Formålet med omstillingsplanen er å utvikle eit plangrunnlag som underbyggjer og prioriterer bruken av dei ekstraordinære midlane som blir kanalisert gjennom omstillingsstatusen. Strategiane for omstillingsarbeidet vil i hovudsak ligge fast, men vil underleggast årlege vurderingar og justeringar, og det blir utarbeidd årlege handlingsplanar med budsjett og finansieringsplan.

## 2. Visjon og mål for omstillingsarbeidet

### 2.1 Visjon for omstillingsarbeidet

Lokalt næringsliv har i strategi og forankringsfasen vist stort engasjement og tru på framtida i Sykkylven. Visjonen for omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune er:

***Bidra til skaparglede og nye arbeidsplassar!***

### 2.2 Hovudmål

Hovudmålet for omstillinga er å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar gjennom å skape ein meir robust og variert næringsstruktur. Dette gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar. Det blir viktig å utvikle ei bredde i næringslivet for å redusere sårbarheita, og samtidig vidareutvikle dei lokale bedriftene gjennom kompetanseutvikling og auka samarbeid for å styrke konkurransekrafta. Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	2	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	<b>15</b>	<b>22</b>	<b>32</b>	<b>32</b>	<b>32</b>	<b>37</b>	<b>170</b>
Akkumulert mål	15	37	69	101	133	170	170

## 2.3 Effektmål og langsiktige resultat

Etter gjennomført omstillingsprogram skal:

- Sykkylven ha ein allsidig, variert og robust næringsstruktur, med fleire bedrifter innan vekstbransjar.
- Sykkylven ha utvikla ein sterkare samarbeids- og delingskultur, og etablert sterke lokale nettverk/samarbeidsarenaer i næringslivet. Desse arenaene fremjar skaparglede, erfaringsdeling, kompetansebygging og knoppskyting.
- Fleire bedrifter ha auka marknadskunnskap, orientert seg i nye marknader, utvikla nye produkt og redusert risikoen knytt til utvikling i ein einsidig marknad.
- Bedriftene ha økt utviklingsevna og ha fleire aktive utviklingsprosjekt.
- Bedriftene ha eit utstrekt samarbeid med relevante forskning og utviklingsmiljø.
- Bedriftene i Sykkylven har eit aktivt forhold til berekraftsmåla og er i front på utvikling av berekraftige produkt og prosessar.
- Sykkylven ha styrka sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune som gir god tilgang på ny kompetanse og stabilitet i eksisterande arbeidsstyrke.
- Sykkylven skal være en næringsvennleg kommune, som driver aktiv tilrettelegging for bedriftene i samspel med offentlege og private aktørar i regionen.

## 2.4 Delmål

Delmåla er som følgjer:

- 60 bedriftsutviklingsprosjekt i eksisterande næringsliv i perioden (snitt 10 pr år)
- 30 bedriftsutviklingsprosjekt i opplevingsnæringar i omstillingsperioden (snitt 5 pr år)
- 15 nye bedrifter i omstillingsperioden, derav 5 i opplevingsnæringar
- 30 kompetansetiltak i omstillingsperioden i næringslivet (snitt 8 pr år)
- 18 kompetansetiltak i omstillingsperioden i opplevingsnæringar (snitt 3 pr år)

- 5 aktive samarbeidsarenaer/nettverk med sekretariat i omstillingsperioden
- 15 felles-/samarbeidsprosjekt mellom fleire bedrifter i omstillingsperioden
- Gjennomført verktøyet næringsvennleg kommune
- Etablert fast møteplass mellom kommunen og næringslivet

*Bedriftsutviklingsprosjekt. Prosjekt som bidreg til styrking av bedrifta si kompetanse og eksterne samarbeidsrelasjonar. Produkt- og prosessutvikling samt marknadsutvikling er og omfatta her.*

*Kompetansehevande tiltak. Tiltak for å auke bedriftene si konkurransekraft gjennom å heve kompetansen på sine tilsette.*

*Fellesprosjekt. Prosjekt som er retta mot fleire bedrifter, verksemdar eller organisasjonar med tematisk felles innhald.*

### 3. Innsatsområde

#### Innleiing

Utviklings- og innspelsanalysen over skildrar fortrinn og utviklingsmoglegheiter for Sykkylven kommune. Ein stor del av næringslivet er knytt opp mot møbelindustrien som over tid har vore sårbar for konjunkturar. Denne industrien har over mange år utvikla ein sterk industrikultur og kompetanse innan material, arbeidsprosessar, automatisering, design og å ta i bruk ny teknologi. Dette er ein styrke som ein må ta effekt av (smart spesialisering) for å skape vekst og nye moglegheiter framover gjennom:

- Utvikle og styrke den enkelte bedrift/bransje vidare (ta i bruk ny teknologi og ny kompetanse, osv.)
- Stimulere til bruk av eksisterande kompetanse og teknologi på tvers av bransjar (nettverk/samarbeid)
- Stimulere til nye nisjer/bedrifter basert på ressursar/kompetanse/teknologi i dei sterke bransjane
- Styrke etablerte nettverk/samarbeid i bransjar og utvikle nye nettverk

Analysen viser og at over 1.000 personar som er i arbeid i Sykkylven er over 55 år som betyr at det framover vil vere eit stort rekrutteringsbehov, samtidig har næringslivet ambisjonar for vekst og behov for ny rekruttering og ny kompetanse. Næringslivet er oppteken av at Sykkylven som stad og samfunn må vere attraktivt for at dei skal kunne tiltrekke seg denne kompetansen utanfrå i konkurranse med dei store byane. Dette inneber blant anna å ha attraktive bustader, ein god stad å bu og leve, og ein kommune som er open og inkluderande. Sykkylven har mange av desse kvalitetane, men det er ein utfordring å nå ut til dei ulike målgruppene med denne informasjonen.

Opplevingsnæringar er interessante fordi det er naturlege moglegheiter og fortrinn i Sykkylven samt at dei har potensiale for å tilføre området auka omsetnad og verdiskaping. Ålesund er relevant tema fordi byen både representerer ein marknad for alle besøksnæringane og tilfang av kompetanse til næringslivet. Samtidig representerer Ålesund utfordringar med konkurranse, og handels- og kompetanselekkasje.



Planen omfattar fire innsatsområde som er:

1. Skaparglede i næringslivet
2. Opplevingsnæringar
3. Samarbeid og nettverk
4. Attraktive Sykkylven

Strategiane for dei valte innsatsområda skildrar korleis ein skal nå målsetnadene for omstillingsplanen. Tiltak og prosjekt under kvar strategi under innsatsområda blir skildra i handlingsplanen som blir utarbeidd årleg. Omstillingsplanen skal gjelde i perioden 2021-2026, men skal vurderast undervegs og innsatsområde og strategiar vil kunne endrast etter behov.

### 3.1 INNSATSOMRÅDE 1: SKAPARGLEDE I NÆRINGSLEVET

#### 3.1.1 Mål

Næringslivet i Sykkylven har gjennom innspelsanalysen signalisert vekstambisjonar, utviklingsprosjekt og kompetanse- og rekrutteringsbehov. Å støtte opp om det eksisterande næringslivet og bygge vidare på det som er i kommunen vil bli sentralt i omstillingsarbeidet og det som gir størst effekt. Målet er å støtte opp under utviklingsprosjekt innan teknologi og produkt for å bli meir konkurransedyktig og nå nye marknader som vil styrke dagens posisjon og kunne gjere at ein blir mindre avhengig av møbelindustrien. Slike utviklingsprosjekt/ innovasjonar kan og resultere i nye forretningsområde/knoppskytingar/nye bedrifter.

Sykkylven er eit industrisamfunn med stor grad av fagarbeidarar knytt til industrien. Kommunen har en lågare del av befolkninga med høgare utdanning samanlikna med snittet i fylket. Kompetansetiltak og tilbod om vidare- og etterutdanning vil kunne vere viktig for å bidra til å omstille næringslivet i kommunen mot framtidens krav og behov.

#### Resultatmål innsatsområde 2021-2026:


Omstillingsprogrammet skal dokumentere minst 130 nye og sikra arbeidsplassar innan 2026. Periodisert mål:

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	25	25	30	130

#### Delmål:

10 bedriftsutviklingsprosjekt pr år, 10 nye bedrifter i omstillingsperioden, 5 kompetansetiltak pr år.

### 3.1.2 Strategiar innsatsområde 1: Skaparglede i næringslivet



#### A. **Teknologi og marknad.**

Proaktivt arbeid for å avdekke utviklingspotensial og motivere til å etablere utviklingsprosjekt i næringslivet. Støtte og motivere bedriftene til å ta i bruk dei digitale moglegheitene som ligg for å nå nye kundegrupper og marknader. Vekst gjennom å utvikle nye produkt og tenester ut fra industri-, teknologi-, design- og materialkompetansen hjå eksisterande bedrifter og ved bruk av ny teknologi og kunnskapsmiljø. Bedriftene i Sykkylven skal vere i front på utvikling av berekraftige produkt og prosessar i sine bransjar som styrker konkurranseevna, deriblant løysningar innanfor resirkulering av material.

#### B. **Bedriftstiltak.**

Proaktivt arbeid mot eksisterande næringsliv for å auke ambisjonsnivået, avdekke utviklingspotensial og moglege utviklingsprosjekt. Støtte ulike bedriftsretta tiltak med utgangspunkt i idear fra bedriftene. Sette av midlar i omstillingsprosjektet som bedriftene kan søke på til eigen prosjekt.

#### C. **Kompetanse og rekruttering.**

Viktige tiltak i denne strategien er å gjennomføre ei kompetansekartlegging i næringslivet, legge til rette for kurs og kompetansehevande tiltak basert denne og sjå på moglegheiter for auka samarbeid med utdanningsinstitusjonane lokalt og regionalt. Ei satsing som sikrar tette relasjonar til utdanning- og forskingsmiljø, kan f.eks. vere å invitere bachelor- og masterstudentar samt legge til rette for forskning i eiga verksemd gjennom å hospitere Ph.d.-kandidatar.

Omstillingsprogrammet skal kunne støtte næringslivet i arbeidet med å sikre rekruttering av kompetent arbeidskraft.

## 3.1 INNSATSOMRÅDE 2: OPPLEVINGSNÆRINGAR

### 3.1.1 Mål

Innsatsområdet omfattar reiseliv (overnatting, servering, transport, aktivitet, osv.), opplevingsaktivitetar, kultur, satsingar rundt fritidsbustader, lokalmat og prosjekter i skjæringspunktet mellom desse. Opplevingsnæringane er viktige for å skape trafikk og gi effekt til andre næringar som f.eks. handel, tenester og bygg/anlegg, samtidig som det gir auka attraktivitet for innbyggerane i kommunen. Sykkylven har eit uforløyst potensial innanfor reiseliv og det er viktig å støtte opp under arbeidet med å etablere ein masterplan for reiselivet og kunne bidra til å realisere tiltak i denne. Denne må og ta opp i seg det regionale samarbeidet knytt til denne næringa.

#### Resultatmål innsatsområde 2021-2026:

Omstillingsprogrammet skal dokumentere minst 30 nye og sikra arbeidsplassar innan 2026. Periodisert mål:

Arbeidsplasser	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30

#### Delmål:

5 bedriftsutviklingsprosjekt pr år, 5 nye bedrifter i omstillingsperioden, 3 kompetansetiltak pr år.

### 3.1.3 Strategiar innsatsområde 2: Opplevingsnæringar



#### D. Masterplan reiselivet.

Utvikle Sykkylven som reiselivsdestinasjon og styrke samhandlinga gjennom å utarbeide ein heilskapleg masterplan for det vidare arbeidet. Sykkylven Næringsutvikling AS er i gang med dette arbeidet og vil ha ein sentral rolle i arbeidet saman med næringa. Omstillingsprogrammet vil støtte opp under dette arbeidet, og vurdere ytterlegare satsingar for å bidra til å realisere planen.

**E. Produkt og marknad.**

Bedriftsretta tiltak knytt til vidareutvikling av eksisterande og utvikling av nye opplevingsprodukt. Støtte opp under utvikling av eksisterande og nye lokalmat produkt basert på lokale råvarer, tradisjonar og historie. Proaktivt arbeid mot kulturaktørar for å sjå moglegheiter for næringsaktivitet og opplevingsprodukt innan kulturnæringa. Bidra til å styrke samarbeidsrelasjonane i næringa og spesielt knytt til marknadsføring og sal.

**F. Kompetanse.**

Støtte opplevingsnæringa i å avdekke behov for kunnskap og kompetanseheevande tiltak, samt initiere og gjennomføre ulike tiltak.

## 3.2 INNSATSOMRÅDE 3: SAMARBEID OG NETTVERK

### 3.2.1 Mål

Næringslivet i Sykkylven uttrykker behov for fleire konkrete samarbeidsarenaer og møteplassar der ein kan dele erfaringar og kompetanse, utvikle marknadsmoglegheiter og sjå på samarbeid på leveransar. Sykkylven har ein veldig sterk industrisektor som har kompetanse, ressursar og teknologi som kan nyttast i nye marknader. Dette vil kunne vere viktig for å utvikle ein meir variert næringsstruktur og redusere sårbarheita. Samarbeid og nettverk er eit verkemiddel for å jobbe med dette (smart spesialisering), målet er:

- Stimulere til bruk av eksisterande kompetanse og teknologi på tvers av bransjar
- Stimulere til nye nisjer/bedrifter basert på ressursar/kompetanse/teknologi i dei sterke bransjane
- Styrke etablerte nettverk/samarbeid i bransjar og utvikle nye nettverk

Sykkylven har og næringar som er mindre utvikla og som kan ha potensial til å skape arbeidsplassar framover som treng å etablere aktive møteplassar og samarbeidsarenaer. Dette er små miljø med vekstpotensial som opplevingsnæringane, og aktørar i grensesnittet design, kultur og opplevingar.


**Resultatmål innsatsområde 2021-2026:**

Dette innsatsområdet ser ein på som eit støtteområde, og har derfor ikkje store arbeidsplassmål.

**Delmål:**

Bidra til å etablere minst 5 aktive samarbeidsarenaer/nettverk med sekretariat i omstillingsperioden. Bidra til 3 fellesprosjekt pr år

### 3.2.2 Strategiar innsatsområde 3: Samarbeid og nettverk



#### A. **Industri.**

Etablere nye eller styrke eksisterande samarbeidsarenaer og nettverk som er relevante for industrien. Gjennomføre strategi og forankringsprosess med næringslivet for å avklare behov for industrinettverk med innhald og organisering. Mål om å etablere arenaer/nettverk for å utvikle en sterkare delingskultur, utvikle kompetanse i fellesskap på relevante tema, utvikle leverandørsamarbeid, kommersielle moglegheiter i fellesskap, trekke inn relevante forskings og utviklingsmiljø, utnytte kompetanse og ressursar på tvers for å skape ny aktivitet/næring, sikre rekruttering og attraktivitet for industrien for å sikre konkurransekraft.

#### B. **Opplevingsnæringer**

##### **Reiselivsforum**

Styrke reiselivsforum som arena for aktørane innanfor reiselivet for å iverksette tiltak i reiselivsplanen, dele erfaring/kunnskap, felles marknadsarbeid og gjennomføre felles prosjekt.

##### **Lokalmat**

Legge til rette for samarbeid mellom aktørane innanfor landbruk og lokalmat for å ta ut potensial for vekst, og utnytte fortrinn med allereie etablerte aktørar innan økologisk landbruk. Dette gjennom deling av kunnskap, deling av utstyr og lokal og samarbeid om å utvikle marknaden.

##### **Design og opplevingar**

Utvikle samarbeid i skjæringspunktet mellom reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur, for å skape unike produkt og opplevingar som kan styrke aktørane og destinasjon Sykkylven. Sykkylven har ei unik møbelhistorie, opplevingar, kunnskap og ressursar som bør koplast for å gi **skaparglede**. Gjennom å utvikle ein tydeleg stadsidentitet og opplevingar som stadfestar denne identiteten oppnår vi tilhøyrslse til staden, og kan bygge merkevara Sykkylven.

Design + stadsidentitet + produkt = oppleving

### C. Møteplassar - «Cowork»

Kartlegge behov og moglegheiter for å etablere kontorfellesskap og møteplassar for bedrifter, grundera, prosjekt og ungdom. Etablere arena som kan styrke samarbeid, legge til rette for delingskultur og mentorstøtte som gjer at bedriftene kan vekse og utvikle seg raskare.

Samarbeid og nettverk i andre næringar kan bli aktuelle og blir vurdert undervegs i omstillingsperioden.

## 3.3 INNSATSOMRÅDE 4: ATTRAKTIVE SYKKYLVEN

### 3.3.1 Mål

Innsatsområdet vil i hovudsak være eit kommunalt ansvar. Målet er at omstillingsprogrammet skal ta ei rolle med tilrettelegging for næringsutvikling, auke kunnskapsgrunnlaget, påpeike behov og initiere prosessar overfor kommunen. Sykkylven skal være ein attraktiv kommune for næringslivet og innbyggjarar.

Å styrke samhandlinga mellom kommunen og næringslivet er viktig for å lukkast med omstillingsarbeidet. Det er eit mål å skape auka forståing for kvarandre si rolle og god kommunikasjon mellom partane. Dette vil bidra til å jobbe saman om å løyse utfordringar og ta moglegheiter i Sykkylven framover.

Målet er å leggja til rette for ein attraktiv kommune med eit levande sentrum som styrker arbeidet med rekruttering og tilflytting, utvikling og nyetableringar innan næringslivet.

#### **Resultatmål innsatsområde 2021-2026:**

Dette innsatsområdet er å sjå på som eit støtteområde, og har derfor ikkje direkte arbeidsplassmål.

#### **Delmål:**

Gjennomføre verktøyet næringsvennleg kommune, etablere faste møteplassar mellom kommune og næringsliv

### 3.3.2 Strategier innsatsområde 3: Attraktive Sykkylven



#### A. **Næringsvennleg kommune.**

Bidra i utviklinga av gode kommunale tenester for næringslivet, som er godt tilrettelagt behovet i næringslivet i regionen. Ein effektiv og kompetent offentleg sektor med tilstrekkeleg kapasitet, er ein føresetnad for å gjere regionen attraktiv både for næringsliv og innbyggjarar. Skape god kommunikasjon og forståing for kvarandre si rolle, rammer og behov.

#### B. **Møteplassar og kommunikasjon.**

Etablere møteplassar mellom kommunen, næringsliv og andre aktørar for å skape god kommunikasjon og samhandling. Aktivt kommunikasjonsarbeid og samhandling mellom kommunen og næringslivet for nå ut med informasjon om kva Sykkylven har å by på og aktiviteten i kommunen. Viktig å nå ulike målgrupper som ungdom, lokalbefolkning, utflyttarar og dei som vurderer å flytte til Sykkylven.

#### C. **Sentrumsutvikling.**

Styrke sentrumsområda og tilgjenge til sentrum som attraktivt knutepunkt i kommunen. Auke fokus på og engasjere næringslivet og eldsjeler inn i arbeidet med areal-/reguleringsplan for sentrumsområda. Det er eit mål å styrke aktiviteten for aktørane innan handel, service, kultur og reiselivsnæringane. Viktig å utvikle gode møteplassar for ulike aldersgrupper og spesielt ungdom. Dette er hovudsakeleg eit kommunalt ansvar, tiltaka fra omstillingsprogrammet innanfor denne strategien skal vere næringsretta, deriblant å styrke lønnsmda og konkurransekrafta til handels- og servicenæringa.

#### D. **Areal.**

Omstillingsprogrammet vil sette fokus på tilgang på areal for å kunne være ein attraktiv kommune og tilby næringslivet og tilflyttarar attraktive tomteareal, næringsareal og utleie bustader. Gode arealplanar med særleg vekt på attraktive tilgjengelege byggeklare bustad- og næringsareal. Dette er hovudsakeleg eit kommunalt ansvar, omstillingsprogrammet kan bidra til å skape god oversikt over tilgjengelege og planlagde areal som grunnlag for informasjon til ulike målgrupper.

## 4. Organisering av omstillingsarbeidet

### 4.1 Om val av organisasjonsform

Det er kommunen, som eigar av omstillingsprogrammet, som skal etablere ein omstillingsorganisasjon. Sykkylven kommune vel å organisere omstillingsarbeidet som eit program organisert direkte under kommunestyret i Sykkylven kommune.

Omstillingsorganisasjonen bør vere samlokaliserte med Sykkylven Næringsutvikling for å sikre eit tett samarbeid og avklaring av roller og prioriteringar.

Omstillingsorganisasjonen skal på vegne av kommunen sikre at vedteken omstillingsplan og handlingsplan blir realisert. I dette ligg både planlegging, organisering, oppfølging, kvalitetssikring og rapportering/kommunikasjon om omstillingsarbeidet.

Kommunestyret i Sykkylven kommune er programeigar (PE) og kommunedirektør for Sykkylven kommune er prosjektansvarleg (PA). Omstillingsstyret blir oppnemnt av kommunestyret og programleiar blir rekruttert ved ekstern utlysing av stillinga.

#### **Omstillingsstyret (OS):**

Omstillingsstyret er samansett av representantar fra kommunen og næringslivet. Det anbefalast at ordførar er styreleiar, og at ein har politiske representantar inkludert frå politisk opposisjon, samt representantar fra næringslivet.

#### **Observatørar;**

Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kommunedirektør i Sykkylven kommune, dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS

#### ***Hierarki omstillingsorganisasjonen i Sykkylven kommune:***





## 4.2 Skildring av omstillingsorganisasjonen

Omstillingsorganisasjonen består av omstillingsstyret og programleiar. Programleiar vil vere engasjert med utviklingsoppgåver, søknadsbehandling og leing av omstillingsprogrammet. Programleiar samarbeider med og dreg veksle på kompetansen og ressursane fra lokale og regionale aktørar.

Budsjett og rekneskap for omstillingsprogrammet blir ført separat som eit eige prosjekt med eige budsjett og rekneskap i kommunen. Omstillingsstyret delegerast ansvar fra kommunestyret til å styre omstillingsprogrammet.

Omstillingsplanen skal vedtakast av kommunestyret og er plandokumentet som omstillingsorganisasjonen skal styre etter.

Dette medfører at omstillingsorganisasjonen har følgande sentrale **omstillingsoppgåver**:

- Følge opp og årleg vurdere omstillingsplanen
- Følge opp og årleg utarbeide forslag til neste års handlingsplan
- Iverksette og følge opp prosjekt og tiltak fra handlingsplan, sikre engasjement og forankring
- Behandle søknader om omstillingstilskot
- Kommunisere og rapportere framdrift
- Administrere og forvalte omstillingsmidlane

### Bruk av omstillingsmidlar

Forvaltning av og bruk omstillingsmidlane blir regulert av Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar forvalta av fylkeskommunane, sist endra fra 1.1.17, med tilhøyrande retningslinjer. Forskrifta regulerer forvaltning og bruken av dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidlane over kap. 550 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta og kap. 553 Omstillingsdyktige regionar. Omstillingsarbeid ligg under kap. 553 post 65 Omstillingsprogram ved akutte endringar i arbeidsmarknaden.

Omstillingsmidlane kan brukast til hovudsakeleg forstudie og forprosjekt. Eksempelvis kan følgande prosjekt støttast:

- Kompetanseutvikling
- Etablering av ny verksemd/utvikling av eksisterande bedrifter
- Nettverksbygging mellom bedrifter
- Administrasjon av omstillingsorganisasjonen
- Konkretisering av krav til infrastruktur for næringsverksemd
- Mobilisering/tiltaksarbeid

Ifølge retningslinjene kan det ikkje gis støtte til drift av næringsverksemd eller organisasjonar,

direkte eller indirekte støtte til investeringar i verksemdene sin eigenkapital, støtte til investeringar eller støtte til å utføre statlege, fylkeskommunale eller kommunale lovpålagte oppgåver.

### Måling av resultat

Måling – brutto – der vi bidreg med finansiering og rådgiving – bedriftene må rapportere kva som er resultat av utviklingsprosjekta. Men i tillegg kan vi følge med på følgende årlege måleindikatorar:

- Sysselsettingsutvikling i form av arbeidsplassvekst
- Nyetableringar - etableringsfrekvens
- Befolkningsutvikling og demografisk samansetting
- Resultat i Kommune NM
- Måleindikatorar i kommuneplanens samfunnsdel, knytt til verdiskaping og næringsutvikling
- PANDA i samarbeid med Innlandet fylkeskommune og Innovasjon Norge

## 5. Finansiering

### 5.1 Overordna finansiering

Omstillingsprogrammet vil bli finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen, kommunen og Sykkylven Industri- og Næringslag. Ambisjonen er ein total finansiering over 6 år;

Møre og Romsdal fylkeskommune	24,0 millionar
Sykkylven kommune, Sykkylven Industri- og Næringslag	8,4 millionar
<b>Sum omstillingsmidlar</b>	<b>32,4 millionar</b>

### 5.2 Ressursar fordelt på områder og tiltak

#### Innleiing

Innsatsområde 1 blir tillagt størst innsats og størst budsjett. Det blir vurdert som størst moglegheit til å skape og behalde flest arbeidsplassar innanfor dette satsningsområdet.

Prosjekteigarane sin eigenfinansiering samt eventuell anna finansiering i prosjekta kjem i tillegg. Det er eit uttalt mål at omstillingsmidlane skal bidra til å utløyse andre midlar.

Ein føresetnad er at prosjektleiarprosessen PLP styrer og blir brukt i alle prosjekt som blir tildelt omstillingsmidlar. PLP er ein metodikk for prosjektstyring og eit begrepsapparat, utvikla av Innovasjon Norge. Prosjektgjennomføringa er faseinndelt, fast organisering og bestemte rollar, tydeleg avgjerdsprosess og gode rutinar for oppfølging og kvalitetssikring.

Omstillingsprogrammet vil tilby PLP-kurs i oppstarten av gjennomføringsfasen. Jf. [www.regionalomstilling.no](http://www.regionalomstilling.no)

### Overordna finansiering fordelt på innsatsområde 2021-2026:

	2021	2022	2023	2024	2025	2026	SUM
<b>1 Skaparglede i næringslivet</b>	2.300.000	2.300.000	2.300.000	2.300.000	2.300.000	2.300.000	13.800.000
<b>2 Samarbeid og nettverk</b>	1.100.000	1.100.000	1.100.000	1.100.000	1.100.000	1.100.000	6.600.000
<b>3 Opplevingsnæringar</b>	1.050.000	1.050.000	1.050.000	1.050.000	1.050.000	1.050.000	6.300.000
<b>4 Attraktive Sykkylven</b>	600.000	600.000	600.000	600.000	600.000	600.000	3.600.000
<b>Administrasjon</b>	350.000	350.000	350.000	350.000	350.000	350.000	2.100.000
	5.400.000	5.400.000	5.400.000	5.400.000	5.400.000	5.400.000	32.400.000

## Vedlegg

1. Notat alternative organisasjonsformer
2. Kommunikasjonsplan